



Majo Eigedom AS
Magnus Helgesen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2599 - 14/6747

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2014

Svar på din førespurnad - gbnr 137/268 Alver

Viser til din e-post motteke 19.03.2014.

Eigedommen ligg innanfor kommunedelplan for Knarvik- Alversund og er avsett til bustadområde. I utgangspunktet gjeld er det eit generelt plankrav i byggeområda.

I kommunedelplanens punkt 2.4 er det opna for unntak frå plankravet, dersom det er tatt omsyn for for følgjande forhold:

Område som er heilt eller delvis utbygd utan reguleringsplan vert betrakta som eit byggeområde. I desse områda kan det gjennomførast tiltak om det er teke høgd for følgjande:

Kapasitet på infrastruktur som veg, vatn, kloakk og straum.

Det er areal eigna til leik igjen på tomten etter tiltaket er gjennomført.

Nye tiltak må vera tilpassa etablert bygningsmasse på eigen tomt og nabotomtar.

Ved ynskje om å etablere fleire enn 2 bueiningar på tomten er det sett fram krav om reguleringsplan. (Til ei bueining skal det vera eige kjøkken og bad).

(min kursiv)

Ut i frå det du skriv så lar forhold som gjeld VVA løysa seg her. Vidare skriv du at det skal oppførast 1 bueining. Etter det vi ser er tomta av ein slik storleik, at ein truleg vil ha gode areal til leik etter at tiltaket er gjennomført. Under føresetnad av at tiltaket i sin utforming vert tilpassa eksisterande busetnad i området med tanke på visuelle kvalitetar, takform etc., så er byggesak positiv til at dette er eit tiltak som fell innanfor unntaket i kommunedelplanens punkt 2.4. Dispensasjon frå plankravet vil så ikkje vere naudsynt.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø


Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Avslutningsvis minner vi om at det går funksjonell strandsone på eigedommen, og at plassering av bygg i strid med denne, krev dispensasjon.



Håper dette er svar på ditt spørsmål.

Dersom du fortsatt ønsker ein førehandskonferanse, så høyrer eg frå deg.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Majo Eigedom AS